

Innlegg sendes Fiskeribladet/Fiskaren
E-post: redaksjonen@fbfi.no
Telefaks: 55 21 33 01
Adresse: Bontelabo 2, 5003 Bergen

Hovedinnlegg/kronikk: Maksimalt 5.000 tegn (ca. 750 ord).
 Underinnlegg/replik: Maksimalt 1.500 tegn (ca. 250 ord).
 Fiskeribladet/Fiskaren forbeholder seg retten til å forkorte alle innlegg som mottas. Likeledes forbeholder vi oss retten til å lagre innlegg i

elektronisk form, samt publisere dem på internettet. Innlegg honoreres ikke. Bidragsyttere oppfordres til å sende innleggene med epost til redaksjonen@fbfi.no
 Vi tar også i mot lagringsmedia av alle typer.

Vindkraft

1. januar 2012 skal det felles grønne sertifikat-systemet mellom Norge og Sverige etter planen tre i kraft. Natur og Ungdom håper for norsk vindkrafts skyld at systemet ikke vil inkludere vannkraft. For resultatet av et såkalt «teknologinøytralt» sertifikatssystem vil trolig være at vi må vente i flere år før den norske vindkraften bygges ut. Dessverre ser det ut til at det er nettopp dette vi får.

Olje- og energidepartementet har «teknologinøytralt» skrevet i panna.

Men hva skjer mellom 2010 og 2012? Hva skjer med vindkraften i 2011? Blir det penger? Hvordan vil det gå? Dette har jeg lurt på en god stund, og så fikk jeg plutselig svar. Teknisk Ukeblad kunne melde at Sigrid Hjørnegård, statssekretær i Olje- og energidepartementet, bekrefter at det ikke blir bevilget penger til vindkraft i statsbudsjettet for 2011. Snakk om slag i ansiktet! Og snakk om å fjerne siste rest av regjeringas miljøtroverdighet. For med en utsettelse av rensing på Mongstad, og rensanlegget til Kårstø på is, var penger til vindkraft nesten eneste utveg for å redde stumpene av miljøfokus i regjeringas energipolitikk. Jeg trodde Sigbjørn Johnsen, Jens Stoltenberg og Terje Riis-Johansen forstod det de også. I fjor bevilget regjeringen en milliard kroner til vindkraft i statsbudsjettet for 2010. Til nå har Enova delt ut 630 millioner av disse. De siste 370 millionene er det usikkert om deles ut. Parkene står i kø, og køen vokser. Hvor er satsninga på vindkraft? En ting er at regjeringen ikke klarte å nå målet om 3 TWh innen 2010. Men å ikke dele ut noen penger i 2011, og å satse på et teknologinøytralt sertifikatssystem er rett og slett å skjende fornybar og miljøvennlig vindkraft.

Jeg klarer allikevel ikke å gi opp. Og jeg håper at andre ikke gir opp. For selv om vi har en regjering som ikke har baller til å satse på en miljøvennlig energikilde vil har et kjempepotensial for å bygge ut i landet, kan vi ikke gi oss. Vi må kreve at Norge kommer seg over på et fornybart spor, bort fra det fossile. Vi trenger vindkraft! Så vår viktigste jobb er å fortsette å kjempe, å fortsatt finne gode prosjekter, å fortsette å kreve penger og å realisere parkene.

Ragnhild Gjerum, fagmedarbeider, energi Natur og Ungdom

Mykje vil ha meir



Knut Sunnanå



Bjarte Bogstad



Harald Gjosæter



Ingolf Røttingen

Bestanden av torsk i Barentshavet er no på eit særst høgt nivå, og kvotane for 2011 ligg an til å verte mellom dei høgaste vi har hatt etter at systemet med største tillatne kvote (TAC) vart innført på 1970-talet.

Det er forvaltingsmålsettingane og haustingsregelen vedtekne av Den norsk-russiske fiskerikommisjonen i 2002 som danner grunnlaget for kvotefastsetjinga.

Mange meiner at bruken av haustingsregelen i torskeforvaltninga har hatt positiv verknad. Det har medført aukande gytebestand, større kvotar, auka gjennomsnittstorleik på fisken og auka grad av år til år stabilitet og realistiske prognosar.

Trass i dette tar Jan Ivar Maråk i et intervju i Fiskeribladet/Fiskaren 3. september til orde for at bruk av haustingsregelen kan vere ugunstig for næringa. Han meiner at bruken av denne regelen fører til ein for stor torskebestand, og at denne vil vere meir utsett dersom ein får ein ny sterk årsklasse med sild. Lodda blir då borte, og torsken vil ete både seg sjølv og hysa.

Ifølge Maråk vil ein få ragnarokk i Barentshavet, og det vi skulle hauste med grunnlag i ein oppspart bestand, vil vere borte vekk. Med andre ord, vi sparar oss til fant.

Konklusjonen til Maråk er at ein må hauste meir av torskebestanden i 2011 enn det haustingsregelen tilseier, for at han skal koma ned på et nivå der han blir meir robust for endringar i byttedyrbestandane.

Biologi

Vi skal på ingen måte avvise tankar om å sjå forvaltninga av fleire bestandar i samanheng – til dømes er lodda mat for torsk, og i dag vert loddekvota gitt med omsyn til at torsken skal ha sitt før lodda vert fiska.

Vi ser også at i tider der torsken ikkje har så mykje lodde i maten sin prøver han å kompensere med å ete meir av andre arter, anten det er annan fiskemat eller krill og anna plankton.

Under den første loddekkollapsen på 1980-talet var det lite alternativ fiskemat å finna, og dette fekk store konsekvensar for torsken.

Under dei to siste loddekkollapsane har verknadene vore langt mindre, knapt merkbare i det heile, fordi det var god tilgang på annan mat.

Dei viktige spørsmåla her er for det første kva vi kan venta vil skje dersom det skulle verte for lite mat til dei store predatorbestandane i Barentshavet, og dernest, om vi er i denne situasjonen no. Ut frå avisoppslaget verkar det som om ein ventar seg ein plutselig katastrofe, nærast at torsken skal bli borte over natta. Slik vil det sjølv sagt ikkje vera.

Først vil vi sjå at veksten hos torsken vert redusert, vekta i høve til lengda vil gå ned, så vil lengdevæksten også minka. I neste omgang vil modninga gå ned.

Vi vil også kunna sjå auka kannibalisme. Bestanden vil ved hjelp av dei sjølvregulerande mekanismene som finst i naturen tilpassa seg eit dårlegare næringsgrunnlag. Dersom bestanden i utgangspunktet er stor og fisket føregår i tråd med ein forsiktig haustingsregel, vil det ikkje vera mykje dramatikknytt til ei slik utvikling.

Slike teikn har vi ikkje sett mykje til enno. I siste bestandsvurderinga frå ICES står det (oversett frå engelsk): "I den siste tida er det observert ein liten nedgang i modning og vekst, og ein liten oppgang i kannibalisme."

Desse endringane er mest sannsynleg eit resultat av auka storleik av torskebestanden". Ingen dramatikknøyebeles altså.

Men dette er ting vi ser etter, både i våre egne undersøkingar to gonger for året, og i data som heile tida kjem inn frå mellom anna referanseflåten.

Det er rett at vi i dei fleste åra med god silderekuttering til Barentshavet har sett ei dramatisk forverring i rekrutteringa til loddebestanden.

Ei slik utvikling vil vi, med dagens overvaking, kunna sjå om lag to år før torsken vil merka vesentleg nedgang i



– Vi fisker altfor lite torsk



Hindrer smell og kannibaldensser

Fiskeribladet/Fiskaren

sitt mattilbod.

Vi har for tida ingen grunn til å tru at torskebestanden i Barentshavet er så høg at ein får uønska effektar i form av sterk nedgang i vekst etc., men det har skjedd før og det kan skje igjen.

I denne samanheng verkar den høge temperaturen vi no har i Barentshavet positivt inn – den fører til at torsken sitt leveområde i Barentshavet blir utvida, og havet kan såleis fø meir torsk enn i kalde periodar.

Vi trur at det er ein fordel om det er godt med torsk i havet om ei slik krise kjem – av fleire grunnar.

Då kan uttaket per år haldast på eit relativt høgt nivå ein lengre periode, vi slepp ein plutselig dramatisk reduksjon i fangstnivået, slik vi opplevde då uttaket var mykje høgare samanlikna med bestanden.

Dinest er sjansane størst for at tilstrekkeleg med torsk overlever i konkurransen med dei andre som slåst om eit mindre matfat. Denne maten er det stor konkurranse om – til dømes med hyse, sei, sel og kval.

Om vi skulle ta meir torsk ut av havet vil nok dei andre artane sjå sitt snitt til å forsyne seg av maten og då kunne torsken verte den store taparen om mattilbodet vart redusert.

Haustringsregelen

Generelt vil ei avgrensing i prosentvis årleg kvoteendring gjere ein Haustingsregel mindre føre var.

Under testing av den noverande Haustingsregelen for torsk har det likevel vist seg at grenser på både 10, 15 og 20 % årleg er føre var, og det same gjeld tilleggs klausulen om eit 'golv' for F=0,30.

I ein føre-var-samanheng er skilnaden på desse grensene heilt minimal.

Det noverande bestandsnivået på mellom 2.5 og 3 millionar tonn torsk er høgt, men ikkje rekordhøgt.

I ein slik situasjon er det sjølv sagt på sin plass å stille spørsmålet om kor høg torskebestand Barentshavet har berevne til.

I dei siste åra har vi som kjent hatt ein kraftig auke i torskebestanden.

” Vi meiner at det ikkje er biologiske grunnar for å endre den avtalte haustingsregelen no

På grunn av svakare rekruttering til bestanden ser det no ut til at både bestand og kvote av torsk i dei komande åra vil stabilisere seg rundt 2011-nivået.

Dette nivået er i nærleiken av det ein tidlegare har rekna ut at bestanden gjennomsnittleg vil ligge på med noverande haustingsregel. Vi meiner at det ikkje er biologiske grunnar for å endre den avtalte haustingsregelen no.

Argumentasjonen frå Fiskebåtredernes Forbund synest å vere basert på ein tanke om at det er for mykje fisk i havet, at dette har sin årsak i feil forvaltning, og at vi difor snarast må redusere bestanden av torsk til eit lågare nivå.

Innan næringslivet elles er det vanleg å ta vare på overskotet i gode tider og setje det av til bruk i dårlege tider. Vårt råd vil vere å gjera sameleis her.

Knut Sunnanå, Bjarte Bogstad, Harald Gjosæter og Ingolf Røttingen, Havforskningsinstituttet.